



Då den nye bibelomsetjinga kom for 2 år sidan var det kø framfor bokhandlane for å få ho. Det viste at det er noko spesielt med denne boka, som også vanlege folk les, sa pensjonert sokneprest i Skånevik Harald Grønnevik i preika si i dag. Han vikarierte under gudstenesta og vitja Uskedalskyrkja for fyrste gong. Eit høgdepunkt var då 10- og 11-åringane som var til stades fekk bibelboka. Den er ei lett tilgjengeleg tolking av Bibelen.

Det var kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark som overrekte ho til Sander Eikenes, Torbjørn Haugland, Johan Kroka, Åshild Johanne Bondhus Vivelid og Gard Lunde Haugland. Heile 'kullet' dette året omfattar imidlertid 23!

Presten svara på sitt eige spørsmål om det spesielle med Bibelen at den har eit ljøs som fylgjer oss gjennom livet.

Dei fire som står på kyrkjebakken etter overrekkinga er Sander, Åshild Johanne, Torbjørn og Johan.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen